

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandsjøen 74
5943 Austrheim

11. august 2017

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø.

Innspel til høyringsutkast til kommuneplan for Lindås, samfunnsdelen

Naturvernforbundet Nordhordland vil først av alt gje skryt til det arbeidet som er gjort med samfunnsdelen. Planen er gjennomarbeidd, systematisk og godt grunngjeve med overordna fokus på folkehelse. Folkehelseperspektivet gjennomsyrar planen og vil ha positive konsekvensar for natur og miljø og opplevinga og forståinga for desse verdiane.

Når det er sagt, saknar Naturvernforbundet eit tilsvarande overordna perspektiv på natur og miljø og berekraftig utvikling, i sær klima. Etter vårt syn bør berekraft og klima på lik line med folkehelse vera heilt overordna i den kommunale planlegginga og gjennomsyra all politisk verksemrd. I den samanhengen vil vi m.a. syna til samfunnsdelen i kommuneplan for Bergen der klima og folkehelse står fram som dei to berebjelkane i planlegginga.

Naturvernforbundet Nordhordland har diverre ikkje vore så aktive i planprosessen rundt samfunnsdelen som vi skulle ønskt. Vi vil likevel å koma med nokre innspel no i høyringsfasen.

For det første bør det koma klarare fram av planen at kommunen skal ha ei aktiv rolle i høve til klimagassutsleppa frå Statoil Mongstad. Raffineriet er det største punktutsleppet for CO² i Noreg. Lindås har difor som vertskommune per hovud også det største utsleppet i Noreg. For å kompensera for det krevjast kraftfulle mottiltak både på Mongstad og i kommunen elles.

Gode mål og strategiar i så måte er samfunnsdelen si vekt på fortetting og mindre bilbruk i og rundt regionsenteret i Knarvik. Det må i tillegg koma tydeleg fram av måla at betre kollektivløysingar og aktiv tilrettelegging for utsleppsfree kjøretøy med eit strategisk nettverk av ladestasjonar og hydrogenstasjonar er avgjerande for få ned utsleppa elles i kommunen.

I forlenginga av denne problemstillinga er det naudsynt å ha tydelege mål og strategiar for eit desentralisert utbyggingsmønster som matchar Knarvik som regionsenter. Kortreiste tenester er i så måte positivt både for klima og folkehelse. Det opnar for mindre bilbruk og meir sykkel og gange i lokalsenter og bygder utanfor Knarvik. Heilt avgjerande blir å unngå å sentralisera skular, barnehagar, sjukeheimar og ulike tilbod til eldre. Naturvernforbundet forventar at det blir klare mål og strategiar for dette, også når det gjeld statlege og fylkeskommunale tenester, t.d. tannklinikken på Lindås.

Naturvernforbundet forventar også at ein i transport- og samferdselsaugemed i sterkare grad satsar på god vegstandard og godt framkome til og fra lokalsentra framfor utopiske vegprosjekt som i svært mange tilfelle vil føra til store og ubotlege skadar på natur og miljø. Sjølv om E 39 som fire felts veg gjennom Lindås ikkje er kommunen sitt direkte planansvar, meiner vi kommunen gjennom mål og strategiar må prøva å moderera prosjektet. Det er ikkje trafikkgrunnlag for fire felt. Løysinga er heller ikkje klimavenleg og vil føra til svært store naturinngrep langs Osterfjorden.

Lindås er i landsmålestokk ein stor kommune med mykje landskap av stor verdi, stort biologisk mangfald, mange kulturminne og regionalt viktige friluftsområde. Naturvernforbundet ønskjer ei endå sterkare vektlegging av desse verdiane i planen, ikkje minst fordi Lindås er UNESCO-aktuell med Biosfæreområde Nordhordland og på grunn av folkehelsa. I sær ønskjer vi marint verneområde i Lurefjorden velkommen, men vi ønskjer også eit sterkare vern av dei inngrepsfrie Fjon-fjella og fjella innover mot Modalen, mellom anna Eiterdalen. I desse områda bør samfunnsdelen vera svært restriktiv til all framtidig kraftutbygging og andre større naturinngrep slik som steinuttaket på Eikefet.

Avslutningsvis vil vi trekkja fram Fensfjorden og Austfjorden, to samanhengande fjordbasseng som er belasta med forureining både frå raffineriet på Mongstad, avfallsbedriftene og ikkje minst oppdrettsanlegga, m.a. på Lindås-sida. Lindås kommune skal ha ros for å ha kjempa mot miljøfarlege utslepp frå avfallsbedriftene. Når det gjeld søknader om oppdrett, som totalt representerer eit større miljøtrugsmål mot fjordmiljøet enn avfallsbedriftene, har kommunen vore alt for slepphendt i tilrådingane sine.

Naturvernforbundet ønskjer seg difor mål og strategiar for oppdrettsnæringa som er restriktiv til nye konsesjonar og tek sikte på å redusera forureining og sjukdom, rømmingar og arealinngrep. Her vil vi særleg syna til Osterøy kommune som i kommuneplanen sin er både restriktiv og offensiv i forhold til dei areala som blir lagt ut, men der miljøbelastninga er styrande, m.a. med visjon om nullutslepp, eit eksempel til etterfølging.

Jan Nordø
Leiar
Naturvernforbundet Nordhordland